

## Kapellet, preste- og samtaletjenesten

Sykehuskapellet ligger i 1. etg. rett ved inngangen til B-blokken. Personalet kan forklare og vise deg vei! Det vil bli annonsert i denne Søndagshilsen når det er gudstjeneste i kapellet. Gudstjenestene er med nattverd. Dersom du ønsker nattverd på rommet, kan du si fra til personalet som formidler beskjed til presten.

### SAMTALER OG SJELESORG

Sykehusprestens viktigste oppgave er å være tilgjengelig for deg og dine pårørende for dialog og samtalestøtte i din aktuelle livssituasjon. Stort eller lite spiller ingen rolle, å være innlagt på sykehus kan av forskjellige årsaker utløse behov for samtale og refleksjon.

Presten har taushetsplikt. Vi formidler også kontakt med prest / samtalepartner fra andre tros- og livssynssamfunn.

På Haraldsplass er vi tre prester som er tilgjengelig alle dager fra 0800 - 1800. Om ønskelig kan pleiepersonalet formidle kontakt, eller du kan ringe prestens vakttelefon som er angitt nedenfor.

### SØNDAGSHILSEN PÅ NETT

Søndagshilsen ligger også ute på sykehusets internettsider under «Prestetjeneste».



**i** Vil du ha mer informasjon eller trenger du å snakke med oss?

 Tlf: 922 07 527

 [www.haraldsplass.no](http://www.haraldsplass.no)  
Søk :prestetjenester

# Søndagshelsing

13. nov 2022

23. søndag i treeiningstida

**Tema: Å vere førebudd**



Foto: Pixabay

## Kapellet

er ope kvar dag for lystenning og ei stille stund!

**Tysdag kl 11:30**


er du velkommen til ei kort middagsbøn.

## 23. søndag i treeiningstida

### Preiketekst: Matt 24, 35-44

(Jesus sa til disiplane): 35 Himmel og jord skal forgå, men mine ord skal aldri forgå. 36 Men den dagen og timen kjenner ingen, ikkje englane i himmelen og heller ikkje Sonen, berre Faderen. 37 Som i Noahs dagar, så skal det vera når Menneskesonen kjem. 38 I tida før storflaumen åt og drakk dei, gifte seg og vart bortgifte, heilt til den dagen då Noah gjekk inn i arka, 39 og ingen skjøna noko før flaumen kom og tok dei alle. Slik skal det òg vera når Menneskesonen kjem. 40 Då skal to menn vera ute på marka; éin blir henta, éin blir att. 41 To kvinner skal mala saman på kverna; éi blir henta, éi blir att.

42 Så vak då! For de veit ikkje kva dag Herren dykkar kjem. 43 Men det skal de vita: Dersom husherren visste kva tid på natta tjuven kom, så ville han vaka og ikkje la han bryta seg inn i huset. 44 Difor skal de vera førebudde, de òg! For Menneskesonen kjem i ein time de ikkje ventar det.



God farsdag!

Pixabay.com

## Å vere førebudd...

I mine unge dagar var artisten Larry Norman populær i mange kristne miljø. Ein av hans største hits var songen «I wish we'd all been ready», som formidla ein såkalla «left-behind»-teologi på bakgrunn av nettopp denne søndagens tekst, tolka som om menneske plutselig skulle bli borttrykka. Dette var skremmande for meg og mange med meg.

Men er det det Jesus seier her? Jesus snakkar om dei siste tider, men han vil ikkje skremme. Han seier tvert imot til disiplane at dei ikkje skal spekulere i når han skal kome tilbake, for ingen veit når det skal skje. Bare Gud veit; framtida er i Guds hender. Det er ei trøyst, også til oss.

Det greske verbet som er brukt for å «bli henta», betyr også «å gå med». Det er lettare å *gå med* ein ein kjenner, en nokon ein ikkje har eit forhold til. Derfor må vi ikkje «sove». Er Gud ein viktig del i livet vårt, vil vi lettare kjenne igjen og gå Jesus i møte når den tida kjem. Som barnet som blir henta av foreldre i barnehagen. Og husk: Å bli henta først, betyr ikkje at dei andre ikkje kan bli henta etter på!

### Hentet

Barn  
har en egen måte

å bruke språket på.  
I barnehagen der

sønnen min går,  
blir de for eksempel «henta».

Sunniva, du er henta!  
roper  
de, når for eksempel  
Sunniva

blir hentet, og Sunniva  
slipper det hun har  
i hendene

løper hvinende  
nedover skråningen

rett  
i armene på den

som står ved porten  
og er kommet for å hente.

Når også jeg en gang  
får øye på

at noen står i porten  
og skal hente meg

da håper jeg  
at det vil skje

nøyaktig slik.

God søndag!

Kristin Lødøen Hope, sjukehusprest

Johann Grip